

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	21.03.2024
Vår referanse	2024/10700-5
Dykkar referanse	202403713-2
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om løyve til fråvik frå sommar-LRV for Trollavatnet i Sunnfjord kommune

Bakgrunn

NVE har fått ein søknad frå Eviny Fornybar AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved å halda Trollavatn ned mot LRV (kote 968,4) i perioden med fastsett sommar-LRV (kote 999,9). Dette er planlagt i perioden 15.04.2024 - 01.10.2024. For å halda ved lag krav fastsett i damsikkerhetsforskrifta, skal Eviny Fornybar utføra naudsynt tilsyn på hovuddam og sperredam i Trollavatnet. Dei må halda magasinet lågt for å gjennomføra inspeksjon av vassida av dammane. Dei vil samstundes leggja ut nytt utstyr for vasstandsmåling i magasinet.

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, har ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader til søknaden.

Fysisk aktivitet og inkludering

Det er positivt at Eviny skal leggja nye kloppar som tåler meir vatn/overløp.

Vassmiljø og fisk

Trollavatnet er ein sterkt modifisert vassførekomst med godt potensiale. Det vil seie at tilstanden er vurdert å vere så god som den kan bli ut i frå at det er ein regulert innsjø. I følge [Konsekvensutgreiing Kjosnesfjorden kraftverk – fisk og fiske](#) frå år 2000 går det fram at det ikkje er reproduksjon av fisk i Trollavatnet. I 2009 vart det gjeve løyve til å sette ut fisk i vatnet, og kommunen skriv i si fråsegn at det ut i frå deira kjennskap skal vere fisk i Trollavatnet.

Sidan det er søkt om å halde magasinet ned mot LRV, og ikkje under, venter vi ikkje vesentlege konsekvensar for vassmiljø, fisk og andre ferskvassorganismar. Dersom tiltaket vert utført skånsamt venter vi heller ikkje at miljøtilstanden i magasinet eller vassdraget nedstraums vil bli redusert.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Postadresse Telefon E-post
Postboks 7900 05557 post@vlfk.no
5020 Bergen

Heimeside EHF-Fakturaadr. Organisasjonsnr.
www.vestlandfylke.no 821311632 821 311 632

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
SUNNFJORD KOMMUNE	Postboks 338	6802	FØRDE